

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skar.

Oppskr. av: Anne Mønstad Skretting

(adresse): Sjønsdell, Heranger

Fylke: Rogaland

Herad: Sævi.

Bygdelaq: Sævi.

Gard: Mønstad.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle,

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er etter eigne minne frå barne åra

SVAR

Sp. 2. Dei taka om markafør, - alt som dei samla i markjone.

3. Me seier: skjor, skor, skore.

4. Far bruke mykje skar til kyrne. Dei bruke å skora alle bøndene i Sævi, men far skilde seg ut med det at han bruke det jamt, ikkje berre i vanskelige år.

5. Dei heldt raum og ask for å over best til for. Far heldt nok ask for å over gjavast. Han samla askelavv og til kyrne. - I 1890 flutte far med kille sin hvalgd til Skokka, ved Sævi. I bunet der står der nokre store, gamle askar, og far samla lavet av dei kran sinaste hant og gav kyrne. Det heldt han på med so lenge han orka. Han døde i 1936.

7. Eg kjenner ikkje rimet om dei gause huslaga. Eg har berre høyrte dette: Ask gjer kuro rask. (Me seier kuro i mi heimbygd.) Ei gjente frå Jaren kom til å gifte seg og bli buande i Skjold.

En grannkone der var so ille plaget av gikt. Hona frä jeren hugsa dei på ordet: ask gjer kunnø rask, og tenkte at det kunde gjørne hjelpe for folk og. So koke ho lög av askelavv og fukt den sjuke kona til å drikke den, - og det hjalpste godt.

8. Heime hjå oss var det kyne som fikk skav. Far tok til å skava tidleg på vinturen. Kyne fikk skavet for seg sjølv, i båsen.

9. Dei rekna på at kyne mjølka meir når dei fikk skav attåt høget. Elles var det so der heime i dalen, at kyne vart fiddet ringt om vinturen. Ofte var kyne so vondt farne, at folk måtte støda dei ^{gjennom fjeldstige} når dei slepp ~~dei~~ ut om våren. Det hende aldri heime hjå oss. Og kyne våre mjølka so godt, at det vart nokke smør til å selja og. Det var ^{ikkje} almindelig om vinturen i den tida.

12. Far kom heim med skavved.

13. Eg kjenner ikkje ordet merke, asme er i markaslatt. Far slo mykje gras langt inne på fjellet, - det var merkehøg.

15. Far sat mykje inne i stova når han skov. Det var kveldsarbuid for han. Eg hugsa skavet låg i hangar på golvet, og me songane ~~hatta~~ like oss med å kypa i det og kasta det på kvarandre. Me "daada" med skavet.

16. Eg hugsar far bruke skavkniv. Den hadde ~~handtak~~ handtak i endane. Men han bruke ein bollekniv og so og til.

17.-18.19 Eg kjemmer ordet skarhal. Etter som eg
 erinnest, var det ei stang eller ein stølge
 som stod på golvet og var fest i hjelken.
 Det var eit brett på stølpen, og på
 dette brettet la dei enden av veden
 som skulde skæves. For kunde sette på
 ein krakk ~~med~~ og dra skærkniven mot
 seg når han skær. Men han kunde og
 sette ein kniv fast og dra skærveden
 alt og fram under den.

22. Skærveden kunde vera so tykk som ein
 manns handled, og den var lenger enn
 vanlig brennved, eg vil tru eit par alnar
 eller meir.

23. Eg hugsar ikkje omna namn som skjervlar:
 skjervlane. Kullb var alltid eit vedstykke.

24. Det fylgde litt av den krise veden
 med skævet. Elles hugsar eg det var
 tungt og jamt.

25. Skjervland vart nytta til brensl som
 annan ved. Det var god brensl til å
 bruke i gruver under bakstehella.

26. Det er nok slutt på å bruke skær
 til for no. Folk har ikkje tid til slikt
 arbeid lenger. Kva tid dei slutte med
 det kan eg ikkje seje.